

Internasjonalt på leiarsamlinga

NFU-leiarar på fylkes- og nasjonalt nivå fekk moglegheit til å dele sine tankar rundt NFU sitt internasjonale solidaritetsarbeid, då bistandsrådgjevarane fekk ein time til disposisjon på leiarsamlinga nylig. Formålet var å dele informasjon om det internasjonale solidaritetsarbeidet, reflektere rundt korleis rammene for arbeidet har endra seg over tid, og få i gong ein diskusjon rundt korleis ein kan styrke forankringa av dette arbeidet i NFU nasjonalt.

TEKST: ELISE BJÅSTAD
FOTO: BITTEN MUNTHE-KAAS

Tilbakeblikk

Eit tilbakeblikk viser at NFU sitt solidaritetsarbeid starta i 1980 med førebuingar til TV-aksjonen «Et nytt liv» i 1981. TV-aksjonen var eit samarbeid mellom NF(P)U, NHF, NBF og Røde Kors. Dei innsamla midlane blei etter kvar komplementerte med støtte frå NORAD, og det kom krav om å samle seg i ein paraply som etter kvart har blitt til Atlas-alliansen. Premisset for innsatsen til NFU var at organisasjonen og medlemmane har erfaringar som kan inspirere andre og har overføringsverdi, og utgangspunktet var solidaritet med likepersonar i utviklingsland og solidaritet med søsterorganisasjonar. Arbeidet var naturleg forankra i organisasjonen gjennom engasjement og frivillig innsats.

Bistand i endring

Bistandssektoren har endra seg, med innverknad på arbeidet til NFU og Atlas-alliansen. Talet på bistandsaktørar i Norge har auka, og ført til stadig større konkurranse om midlar. Dette gjer seg gjeldande i at til dømes søknader om TV-aksjonen, som NFU og samarbeidspartnarar så langt har fått tildelt kvart tiande år (1981, 1992, 2002), ikkje har fått gjennomslag til trass for årlege søknader sidan 2012. I takt med aukande konkurranse har



NFUs bistandsrådgivere Else Bjåstad (foran) og Helene T. Strøm Rasmussen.

kravet om profesjonalisering av internasjonal bistand blitt større, også når det gjeld støtte til sivilsamfunn og rettighetsbasert arbeid. Krav til søknader, budsjett, rapportar og prosjektoppfølging generelt har blitt strengare over tid, samtidig som tiltak skal vere mest mogleg kostnadseffektive og kostnader i Norge (lønn, administrasjon og reiser) skal vere minimal.

For å styrke profesjonaliteten i Atlas-alliansen har arbeidet til dei ulike medlemsorganisasjonane vore gjenstand for evaluering. NFU sitt bistandsarbeid blei evaluert i 2007/8,

og det representerer eit vendepunkt for organisasjonens tilnærming. Evalueringsrapporten dokumenterte eit behov for å legge om arbeidet. Særleg var det lagt vekt på at lokale behov og ressursar måtte får større plass i arbeidet til NFU internasjonalt, og at samarbeid i mindre grad burde styrast av dei erfaringar NFU har hatt i Norge. Sjølv om NFU si historie kan vere til inspirasjon for andre, kan saker som NFU har relativt lite erfaring med, til dømes tiltak mot fattigdom, stå høgare på agendaen for samarbeidspartnarar. Atlas-alliansen har i seinare tid endra

retningslinjer for støtte i tråd med krav frå NORAD, med mellom anna krav om minimale norske kostnader. Til saman betyr dette at rammene for forankring i organisasjonen nødvendigvis har endra seg over tid. Der det tidlegare var ei naturleg forankring gjennom engasjement og frivillig innsats frå til-litsvalde i NFU, er rommet for direkte innsats inn i prosjekta no snevrare.

Solidaritetsarbeidet i dag

NFU leverte søknader for dei neste fire år i slutten av august, som først skal til behandling i Atlas-sekretariatet og så vidare i Norad, før tildeling er forventa i februar/mars 2016. Dei store linjene i NFU sitt internasjonale arbeid blir definert av eit Internasjonalt Utval, nedsett av landsstyret, som nyleg har vedtatt revidert strategi for perioden 2015-2019. Arbeidet er i større grad enn før retta mot både søsterorganisasjonar og styresmakter, med mål om å bidra til å styrke sivilsamfunnet og samtidig støtte staten i prosessen med å utvikle lokale modellar for inkludering av personar med nedsett funksjonsevne i offentlege lokale tenester. NFU har søkt om vidareføring av prosjekt i Zambia, Malawi, Tanzania, Nepal og Inclusion Africa, og styrker samarbeidet med Norges Handikapforbund. Inclusion International er også ein viktig støttespelar for NFU.

Atlas-alliansen har dei siste par åra utvikla eit inkluderingsprosjekt som er retta mot store norske bistandsaktørar og har som mål å styrke inkludering av personar med nedsett funksjonsevne i internasjonalt utviklingsarbeid. Dette prosjektet kan ha stor innverknad over tid dersom det blir meir vanleg å aktivt inkludere funksjonshemmede.

NFU sitt internasjonale solidaritetsarbeid er forankra i Arbeidsprogrammet 2012 – 2016 som blei vedtatt av landsmøtet i 2012. Kontaktflata mellom dette arbeidet og medlemmane i NFU er meir avgrensa enn det var før, men eksempel på forankring er at NFU Internasjonalt har to faste sider i Samfunn for Alle der små og store saker blir formidla. I tillegg blir det arran-

gert utvekslingsbesøk i samband med generalforsamlingar arrangert av både partnarar og NFU. Internasjonalt utval møtes 2-3 gongar i året for å diskutere overordna spørsmål. Dei jobbar også med å identifisere moglege ressurspersonar i NFU som kan bidra på i spesifikke prosjektrelaterte spørsmål. Sekretariatet har god dialog internt om tema som er aktuelle både nasjonalt og internasjonalt, som til dømes inkluderande utdanning. På leiarsamlinga uttrykte bistandsrådgjevarane også eit ønske om kontakt med frivillige internasjonale tiltak som enkelte medlemmar i NFU er engasjerte i for å utforske mulege synergjar.

Innspel om forankring

På spørsmål om korleis forankringa av det internasjonale arbeidet kan styrkast gitt dei rammene som eksisterer i dag, delte fylkesleiarar og landsstyremedlemmar følgande tankar og forslag:

- Det er viktig at medlemmar har kjennskap til det internasjonale arbeidet for å bevare interessa og støtta i organisasjonen. Ein idé som blei lufta var om fylkeslag som er interessert i meir informasjon kan invitere bistandsrådgjevarane for eiga rekning, i og med behovet for å minimere kostnader i Norge.
- Samtidig blei det lagt vekt på at det nasjonale arbeidet skal ha høgast prioritet, sidan mange viktige saker treng fokus og medlemmar har begrensa med tid til å engasjere seg.
- Å jobbe opp imot store bistandsaktørar for å sikre at dei inkluderer og når fram til funksjonshemmede i sine program er rett veg å gå for på effektiv måte å ha breiare innverknad.
- Det kom ønske om tilbakemelding på resultatet av ei spørjeundersøking som blei gjennomført i regi av Atlas-alliansen tidlegare i år om forankring av det internasjonale arbeidet i organisasjonane (sjå tekstboks).
- Det kom forslag om å opprette ei

slags fadderordning som gjer at personar med utviklingshemning kan få ein direkte relasjon til eit medmenneske med utviklingshemning i prosjektlanda. Dette har NFU prøvd på før, og det har vist seg å medføre høge kostnader i form av tid og pengar.

- Personar i NFU kan bidra til å skape bevisstheit om situasjonen til personar med utviklingshemning i bistandsorganisasjonar som Redd Barna, for å styrke inkludering i prosjekta deira ute. Innspelet blir med inn i arbeidet med å vidareutvikle inkluderingsprosjektet til Atlas-alliansen.
- Dette var eit bidrag inn i dialogen om forankring av det internasjonale arbeidet til NFU. Sekretariatet tar gjerne imot andre innspel eller refleksjonar rundt dette.

Funn frå medlemsundersøking i Atlas-alliansen:

Det var relativt god svarprosent i NFU, der 846 medlemmar svarte på undersøkinga. Totalt svarte 1352 personar på undersøkinga, så andel av respondentar som kom frå NFU var høg.

Utvalde svar frå NFU medlemmar:

- 81 % er einige eller svært einige i at NFU skal drive arbeid for å betre levekåra for mennesker med utviklingshemning i utviklingsland
- 74 % er interessert/engasjert i arbeid for funksjonshemmede sine rettar og betre levekår i utviklingsland
- Få kjenner til Atlas-alliansen: 77 % veit lite eller ingenting om Atlas-alliansen
- 11 % kunne tenke seg å engasjere seg aktivt i dette arbeidet